

EMNERAPPORT

Emnekode: ELMED207	Semester:	Institutt:
Emnetittel: Maritim medisin	Vår 2019	Institutt for global helse og samfunnsmedisin
Emneansvarlig: Ole Jacob Møllerløkken	Godkjent i:	
Dato:	PUM	

INNLEDNING:

- Oppfølging fra tidligere evalueringer: ikke aktuelt, nytt emne
- Emnets læringsutbyttebeskrivelse:

Kunnskapar

Studenten ..

- har kunnskap om dei viktigaste internasjonale reguleringsmekanismane innan maritim medisin og korleis desse er implementert i Noreg
- har oversikt over dei viktigaste arbeidsmiljø- utfordringane i norske maritime næringar og deira samfunnsmessige implikasjonar.
- har kunnskap om sjukdoms- ogulukkesstatistikk i maritime næringar og kvar ein finn slik informasjon
- forstår dei grunnleggjande prinsippa for seleksjonsmedisin
- veit korleis helseberedskapen og redningstenesta til havs er organisert
- forstår avgrensingane ved telemedisin og kan evaluera ulike telemedisinske metodar

Ferdigheiter

Studenten ..

- kan finna fram i dei relevante internasjonale konvensjonane vedkomande 1) arbeids- og levevilkår for sjøfolk (MLC 2006 med retningsliner), 2) krav til helse og dugleik (STCW-konvensjonen med retningsliner), 3) krav til tryggleik på skip og medisinsk utrusting (SOLAS-konvensjonen med retningsliner) og 4) vern mot miljøskader og miljøverkander på menneske (MARPOL-konvensjonen med retningsliner)
- kan visa korleis føremålet med seleksjon påverkar vurderingane
- kan nytta grunnleggjande seleksjonsmedisinske prinsipp i vurdering av sikkerhetsrisiko på ulike maritime arbeidsplassar
- kan nytta grunnleggjande seleksjonsmedisinske prinsipp på ulike medisinske tilstander
- kan demonstrere korleis ein kan ta kontakt frå skip til hovedredningsentralar og Radio Medico via kystradiostasjonane
- kan gjere greie for korleis sivil helseteneste kan samarbeida med maritim redningsteneste og Radio Medico
- kan gjere greie for korleis medisinsk diagnostikk og behandling må modifiserast når pasienten ikkje kan koma til legen

- kan gjere greie for avgrensingar som ligg i nivået av kunnskap og dugleik hjå skipsoffiserar i samhandling om pasientar om bord
- kan nytta telemedisinske verktøy på ein forsvarleg og sjølvstendig måte

STATISTIKK:

Mengde vurderingsmeldte studenter: 18			Mengde studenter møtt til eksamen: 17			
Karakterfordeling ->:	A:	B:	C:	D:	E:	F:
Eller ->:	Bestått: 17			Ikke bestått: 0		

SAMMENDRAG AV STUDENTENE SIN EMNEEVALUERING (hovedpunkt):

- Hovedpunktene i evalueringen viser at studentene ønsker seg mer bruk av aktiviserende læringsformer istedenfor forelesningene, de likte simulatorentreningen godt og arbeidsplassbesøket. De beskriver kurset som å gi en nyttig og ny vinkling på medisinske utfordringer og at vi slik sett treffer læringsutbyttet godt. De etterspør også en vurderingsform som bedre reflekterer læringsutbyttet og ikke i like stor grad tester spesifikk detaljkunnskap. De er i hovedsak svært fornøyd med kurset og mener kurset både er faglig nyttig, av et passelig omfang og vil anbefale det videre.

EMNEANSVARLIG SIN EVALUERING:

- Det var ikke bra at antall studenter ikke var klart før morgenen kurset begynte, det gav store utfordringer med praktisk gjennomføring av kurset
- Forelesningene har for stort fokus på lover og reguleringer, dette ønsker vi å tone ned
- Studentene var aktive og dyktige, engasjert i kurset
- Økonomien er en utfordring da dette kun drives på dugnad fra de ulike ansatte og nærmest hele kurset holdes av personer ansatt i Helse Bergen HF uten noen UiB-tilknytning
- Emneansvarlig og adm må være tettere knyttet til fagmiljøet i Helse Bergen for å sikre en god praktisk gjennomføring av kurset.

MÅL FOR NESTE EVALUERINGSPERIODE - FORBEDRINGSTILTAK:

- Man ønsker at antall studenter må være klart langt lenger i forveien, dette pga åpenbare praktiske utfordringer med kurset når antallet varierer helt opp til kursstart
- Vi vil sette et mer praktisk fokus på foredrag og utvikle mer studentaktiviserende former for læring i forelesningene, bytte ut en del med mer praktisk og TBL-aktig arbeid
- Vi ønsker å prøve og øke antall bedriftsbesøk og simulatorentrening
- Vi ønsker å bedre den administrative oppfølgingen av kurset, dette er en utfordring siden kursholdere i hovedsak er ansatt i Helse Bergen og kun kursansvarlig og adm har UiB stilling.

Vurderingsformen vil utvikles og kanskje heller innebære en annen form enn kun flersvarsoppgave.